



Flinke jenter: Liv Kristi(t.v.) og Selma Terese.

**Hugsar de dei flinke jentene som samla inn pengar til kreftforeningen, og som overleverte heile 6000 kroner til barneavdelinga ved Haugesund sjukehus i fjor sommar? No er dei i gong med ny innsamling til den gode saka når dei sel fine ting som dei har laga, utanfor Spar-butikken på Sanden.**

Vi møtte tvillingane Selma Terese og Liv Kristi Hodne (9 år) frå Tysvær godt i gang med årets innsamling.

- Vi har alt fått inn 1275 kroner alt, kunne dei to fortelja. Dei har laga fine ting med perling og andre teknikkar. Det er hjarter og forskjellige figurar, bokmerke, smykke og looms(nokre fine gummistrikkringar). Dei som gjev 10 kr får ein slik ting.
- Mamma har hjelpt oss masse, men ikkje pappa. Det er fordi han ikkje er så flink til å perla, fortel Selma Terese.
- Ja, og så har mange venner vore med og hjelpt oss, legg Liv Kristi til.
- Og så er Frida Almås med, fortel dei to i kor. Frida er frå Stord, men akkurat no er ho ikkje i Uskedalen, er forlaringa på at venninna som også var med i fjor, ikkje er med utanfor butikken då eg møter dei.

Jentene fortel at dei bur på Øyro Camping, og der skal dei vera heile sommaren. Då syns dei det er kjekt og meiningsfullt å bruka litt av tida til denne innsamlinga. Flinke jenter!!



John Myklebust var ein av dei som støtta opp om den gode innsamlinga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland